



Sak nr 14/2013

Møtedato: 17.4.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S539

S 539, Strø – søknad om bygging av skåle og ombygging av sel

Knut Kjøs Egge søker om å få utvide gangen på det gamle selet med 4,2 m² og bygge om skåle. Løe skal flyttast 3 m. Teikningar og kartskisse er lagt ved søknaden. Egge har to sel på stølen (49 m² og 55 m²).

Stølen er i bruk og søknaden skal behandlast etter § 10 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Søknaden er oversendt Oppland fylkeskommune og Statskog til uttale.

Oppland fylkeskommune skriv i brev datert 8.4.13 følgjande konklusjon: *Oppland fylkeskommune ved Kulturarvenheten har ingen innvendinger mot de omsøkte tiltakene i forbindelse med istandsetting av bygningene på stølen. Vi vil imidlertid tilrå at tekkingen på selet og skålen erstattes med mer tradisjonell taktekking og at løa beholder eksisterende taktekking eller erstattes med tilsvarende.*

Statskog skriv i e-post datert 15.4.13:... *Statskog har ingen motforestillinger til skisserte planer om vedlikehold av skåle og vedlikehold av sel inkludert utvidelse av gangen for bruk til soverom.*

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte ombygging av sel og uthus og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskrifta. Fjellstyret tilrår at tekking på selet og skålen erstattast med meir tradisjonell taktekking og at løa beheld eksisterande taktekking eller erstattast med tilsvarende. Fjellstyret godkjenner flytting av løe.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Knut Kjøs Egge var inhabil og deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.4.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Knut Kjøs Egge
Statskog
Oppland fylkeskommune
Vestre Slidre kommune